

## Referat frå styremøte i Rogaland bygdekvinnelag 08.04.25

**Til stades:** Anne Kristine Lilleskog Andersen, Rita Aase Austvoll, Ann Karin Hammer, Ingrid Håland Haugstad, Anne Margrethe Myhre, Valborg Roalkvam Sandal (frå 18.00 på skjerm), Astrid Skretting (til 18.00), Malin (Regine) Fotland Øglænd (på skjerm) og Åse-Berit Fidjeland

**Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Godkjende

**Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte**  
Sak 6: Me bestemte på møtet at me kopierte årsmeldinga sjølv, men det gjekk litt fort i svingane, så denne vart trykt opp på eit trykkeri

**Sak 11/2025 Konstituering nytt styre**  
Leiar og rekneskap: Ingrid  
Leiar og bookingansvarleg: Ann Karin  
Nestleiar og skrivar: Åse-Berit  
Rekneskap og styremedlem: Rita  
Styremedlem og bondelagskontakt: Astrid  
Styremedlem og BU-kontakt: Anne Kristine  
Styremedlem og 4H-kontakt: Valborg  
Første vararepresentant: Anne Margrethe

### Soneleiarar

Det er lurt å ta ein telefon til leiaren i kvart lag først for å oppretta kontakt, og seinare kan ein ev. nytta e-post, men RBK vil gjerne ha årsplanen deira, og sone- kontakten kan godt bli invitert til eit medlemsmøte.

**Sone 1 og 2:** Astrid Skretting  
**Sone 3:** Rita Aase Austvoll  
**Sone 4 og 5:** Anne Margrethe Myhre

**Sak 13/2025 Evaluering av årsmøtet**  
Det bør vera evaluering etter årsmøtet, og i 2026 legg me evalueringa klar i mappa. Vil nokon gje tilbakemelding på årsmøtet i 2025, send gjerne ein e-post til [rogaland.bygdekvinnelag@gmail.com](mailto:rogaland.bygdekvinnelag@gmail.com)

### Styret si evaluering:

Distriktsårsmøtet gjekk fint og etter planen  
Det var ein god generaldebatt, for ein fekk tid til å tenkja seg om og det var ei positiv stemning  
Hotellet var rimeleg, med eit godt møtelokale med det utstyret me trong  
Det blei litt for sterkt for nokon ved minnemarkeringa/lystenninga, det kan godt stå i programmet  
Det var ein god idé med nummer bak på namnelappane  
Det var ei fin årsmelding og alle var godt førebudde på sine oppgåver  
For å få fleire observatørar, kan kanskje lokallaget betala delar av årsmøtet

**Sak 04/2025 Økonomioversikt**  
Ingrid orienterte om økonomien pdd.

**Sak 12/2025 Gjennomgang av retningslinjer for styret sitt arbeid (vedlegg 1)**

Me gjekk gjennom og oppdaterte styrepermen med retningslinjer, reiserekningar m.m., men etter fjorårets gjennomgang er det lite endringar

**Vedtak:** Skrivar rettast opp etter årsmøtevedtak og legg ut på heimesida

**Sak 13/2025 Arbeidsplan (vedlegg 2) og årshjul 2025-2026 (vedlegg 3)**

Setja opp møtedatoar for arbeidsåret

Det er ynskje om eitt desentralisert styremøte: Laurdag 21. juni på Nesheimstunet

5. mai, 19. august, 16. september, 14. oktober, 4. november og 2. desember

Lokallagssamling 8. november på Kronen gård (m/festmiddag laurdag kveld) der ein kan velja å overnatta om ein vil

Distriktsårsmøte 13.-15. mars 2026

**Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:**

**Anne Kristine L. Andersen** - har fått pusten att etter årsmøtet. Tar kontakt med Vats om ev. felles feiring av jubileum i 2026 (Skjold 70 år og Vats 75 år), ev. enkelt sonemøte m/grilling i august (plar ha felles tur). Skjold har arrangert to fantastiske kurs; sykurs og fiskekakekurs. God driv og positive folk!

**Rogaland bygdeungdomslag v/Malin Regine Fotland Øglænd**

- styremøte sist veke, neste styremøte 6. mai, Maren Lindal er leiar

- treng litt støtte, for styret er nytt

**Studieforbundet v/Rita** - har gått ut av styret, og dei slit med å få folk til styret

**Innkomne skriv og meldingar**

a) UNG Crux har sendt brev med spørsmål om støtte til kurs for kvinner på Jæren folkehøgskule, kr. 60 000,- i eigenandel, om sosialt arbeid

b) Strand bygdeungdomslag skal arrangera RBU sitt sommarstemne 13.-15. juni, og lurar på om RBK kan tenkja seg å vera med som sponsorar på arrangementet. Malin bed dei vera meir spesifikke om kva dei treng støtte til i første omgang

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

Postadresse:

Postboks 278 Sentrum  
2002 Stavanger

Besøksadresse:

Felleskjøpet RA  
Sandvikvn 21

Telefon:

51887270  
Telefaks:  
51880280

E-post:

[rogaland.nbk@bygdekvinnelaget.no](mailto:rogaland.nbk@bygdekvinnelaget.no)

Bankgiro:

3201.0502275

Foretaksnr:

975658848